

Like mykje folk som sau!

08.03.2014



Like mykje folk som sau!

Her er det like mykje folk som sau!
Denne replikken kom frå veteranen Trygve Haugland i føremiddag - i det nye og moderne sauehuset til Olav Hjetland Bringedal på Myklebust, Og betre kunne ikkje situasjonen karakteriserast: Rundt rekna 200 interesserte sauefolk frå store delar av Sør-Noreg var kome for å sjå huset som no inneheld 200 lammeklære dyr. Det vart ein gedigen PR-dag for sauen og suksess for den unge oppdrettaren.



Fagprat mellom oppdrettar Olav Hjetland Bringedal og veterinær Svein Rimestad

Det kom interesserte frå store delar av Rogaland og Hordaland, men også frå Hallingdal og Telemark og alle var imponert over det moderne huset med apettittforing og kraftforautomatar.

uskedalen.no spurde nokre sauefolk frå Suldal om ikkje også dei hadde gode sauehus og svaret var dette:

- Jovisst, vi har særleg eitt nytt hus, men det er annleis, ikkje så moderne. Det byggjer på eit anna prinsipp. Det var interessant og lærerikt å sjå dette.

- Vi er imponert over frammøtet og stolte av Olav, men vi saknar bygdefolket her, sa Hans Reidar Kjærland. Han var ikkje åleine om å vera stolt. Ein annan som var det var ordførar Synnøve Solbakken, som helsa frå kommunen og hadde ros til Olav. Like blid var ein annan polititar som og er leiar i sau- og geitalslaget
- Bjarne Berge.

Alle leverandørane var også på plass og det var natuleg nok også Fatland, som spanderte grillmat.

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen



Fatland spanderte grillmaten